

Protokoll

Regionrådet Nordhordland – torsdag 20. og fredag 21. april

Møte:	2-2023
Tid:	Torsdag 20. og fredag 21. april
Stad:	Bergen, Hotel Norge / Statens hus med m.m.

Til stades:

Ordfører:	Sara Sekkingstad (Alver), Per Lerøy (Austrheim), Stian Herøy (Fedje), Hallvard Oppedal (Gulen), Karstein Totland (Masfjorden), Kjetil Eikefet (Modalen), Lars Fjeldstad (Osterøy), Hege Eide Vik (Vaksdal)
Kommunedirektører:	Bjørnar Fjellhaug (Austrheim), Berit Rystad (Fedje), Svein Helge Hofslundsengen (Masfjorden), Jo Bjarte Tømmerbakke (Modalen), Ingvild Hjelmtveit (Osterøy), Atle Fasteland (Vaksdal)
Adm:	Rune Heradstveit, Bent Gunnar Næss (sak 9-16/23), Trude Bruket (sak 17-19/23)
Andre:	Sak 14/23: Visit Bergen: Anders Nyland og Magnus Brekke Nygaard Sak 17/23: BKK Nett: Ketil Tømmernes, Randi Ekehaug, Erik Andreas Tvedt Sak 18/23: Husbanken: Anna Maria Langeland, Olav Ohnstad og Bjarte Bøe Alræk
Forfall:	Ørjan Raknes Forthun (Alver), Reidun Halland (Gulen)

Sak 9/23	Godkjenning, møteinnkalling og saksliste Vedtak: Møteinnkalling og saksliste vart godkjent utan merknadar.
Sak 10/23	Godkjenning protokoll møte 1-2023 Vedtak: Møteprotokoll frå møte 1-2023 vart godkjent utan merknadar.
Sak 11/23	Status Interkommunal plan for sjøareal Bent Gunnar Næss orienterte om status i arbeidet. Planen er no ute på 2. gangs høyring. Administrasjonen føreslår å senda eit brev til Kommunal- og distriktsdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet der det vert peika på at Plan- og bygningslova bør endrast slik at krav til teknologi kan takast med i føresegn til arealplan. Regionrådet var enig i dette, og oppmoda om at akvakulturnæringa / Sjømat Norge blir involvert. Vedtak: Regionrådet tok orienteringa om status til vitande. Regionrådet ber administrasjonen utarbeida eit brev til Kommunal- og distriktsdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet der ein foreslår endringar i Plan og bygningslova om at krav til teologiske anlegg til akvakultur vert tatt inn.
Sak 12/23	R57 Leirvågkrysset – skriv til Vestland fylkeskommune Per Lerøy viste til dei store investeringane som vil koma i Mongstad- og Fensfjordområdet dei neste åra. Dette får følgjer for trafikkmengder på vegane, på kaiene og på ferja over Fensfjorden. Lerøy viste til konkrete tiltak og til møte / dialog som har vore med fylket.

	<p>Vedtak: Regionrådet ber administrasjonen utforma og senda eit skriv til fylkeskommunen med sterk anmodning om å prioritera investeringar på Fv57 mellom Mongstad og Sløvåg og med ferjesambandet over Fensfjorden.</p>
Sak 13/23	<p>E39 Vågsbotn – Klauvaneset. Rune Heradstveit orienterte om avtale som er gjort mellom Nordhordland Næringslag og Region Nordhordland IKS med ATKVA ved Atle Kvamme om å jobba med E39 Vågsbotn – Klauvaneset. Avtalen har ei ramme på kr 300 000,- eks. mva. i året der Nordhordland Næringslag finansierer kr 100 000,- eks.mva. og Region Nordhordland IKS kr 200 000,- eks.mva. Region Nordhordland sin del finansierast slik (eks. mva): Alver kr 100.000, medan kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen stiller med kr 20 000 kvar.</p> <p>Atle Kvamme presenterte tankar om det vidare arbeidet og kva som må til for å få E39 Vågsbotn - Klauvaneset inn i første periode i NTP 2025 - 2036. Frist for skriftleg innspel til Vestland fylkeskommune er 2. mai, og innspelsmøtet til NTP er 10. mai. Administrasjonen vil saman med Atle Kvamme og i tett dialog med Nordhordland Næringslag laga utkast til uttale til NTP Regionrådet vil stilla med presentasjon på innspelsmøtet 10. mai i Bergen.</p> <p>Vedtak: Regionrådet ber administrasjonen førebu skriftleg innspel til NTP 2035-2036 og er positive til at dette er ein fellesuttale saman med Nordhordland Næringslag.</p>
Sak 14/23	<p>Visit Bergen - berekraftig reisemål Anders Nyland og Magnus Brekke Nygaard frå Visit Bergen orienterte om berekraftig reisemål, og at framtidens reiseliv skal utviklast gjennom berekraft. Det er etablert ei merkeordning for berekraftig reiseliv, og Visit Bergen ønskjer at Nordhordland jobbar for – og oppnår dette merket. Presentasjon vedlagt.</p> <p>Etter orienteringa besøkte Regionrådet turistinformasjonssenteret til Visit Bergen, og fekk der ei kort orientering og omvising av reiselivsdirektør Anders Nyland.</p> <p>Vedtak: Regionrådet stiller seg positiv til at det vert jobba for at Region Nordhordland og kommunane oppnår «merket for berekraftig reisemål» og ber administrasjonen saman med Visit Bergen følgja dette opp.</p>
Sak 15/23	<p>Seminar: Akvakulturnæringa på Vestlandet – frå «Raudt til Grønt». Region Nordhordland IKS arrangerte seminaret; <i>Akvakulturnæringa på Vestlandet – frå «Raudt til Grønt»</i> i Litteraturhuset torsdag 20. april kl. 15:30 - 17:30. Seminaret var eit arrangement i samband med One Ocean Week. Regionrådet deltok på arrangementet. Program vedlagt. https://www.oneoceanweek.com/program/-naringsliv-forskning-og-politikk/20-april-fra-raudt-til-grontfor-akvakulturnaringa-i-vestland</p>
Fredag 21. april	
Sak 16/23	<p>Frokostmøte – «Hva er fremtiden for norsk sjømat»? Regionrådet deltok på frokostmøte – «Hva er fremtiden for norsk sjømat»? i Grand selskapslokale. https://www.oneoceanweek.com/program/-naringsliv-forskning-og-politikk/21-april-frokostmote-hva-er-fremtiden-for-norsk-sjomat</p>
Sak 17/23	<p>BKK Nett, beredskap i Nordhordland Regionrådet er bekymra for kraftforsyningsberedskapen etter signal som har kome fram i diverse møte og i media om at BKK Nett vil spara ressursar ved å gå ned på arbeidsfolk ute i distrikta. BKK Nett var derfor kalla inn til møtet for å gjera greie for endringane.</p>

	<p>Adm. direktør Ketil Tømmernes, divisjonsleder drift og vedlikehold Randi Ekehaug og seksjonsleiar montørar Erik Andreas Tvedt informerte om endringane, og samanheng / samspel mellom normal drift, nettsentralen sine oppgåver og beredskap.</p> <p>Det ligg eit vurderingsgrunnlag med ein ROS-analyse til grunn for å avvikla dagens vaktordning og gå over til vaktkonseptprosjekt. Bette straumnett, system og data gir ny arbeidsform og mindre belastning, og BKK Nett meiner dei heldt opp forsyningstryggleiken og beredskapsevna. Tiltak som blir gjennomført er ROS-analyser, investeringar i nettet, i fjernstyring, i system, og i betre bruk av data.</p> <p>Vedtak: Regionrådet tok orienteringa til vitande</p>
Sak 18/23	<p>Startlån-ordninga i Husbanken</p> <p>Anna Maria Langeland, Olav Ohnstad og Bjarte Bøe Alræk frå Husbanken presenterte ordninga med startlån som Husbanken har (presentasjon vedlagt).</p> <p>Kommunane i Nordhordland utanom Alver brukar i lita grad denne ordninga, og Husbanken ser at her kan kommunane bli flinkare til å hjelpa folk som treng skaffa seg bustad. Dette har Husbanken også informert om i eit tidlegare møte. Hensikten med møtet i dag, er å sjå om kommunane i regionen kan bruka ordninga med startlån betre gjennom samarbeid, og evt. om Region Nordhordland IKS kan vera eit verktøy i denne samanheng.</p> <p>Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Regionrådet ynskjer å greia ut korleis kommunane i regionen kan styrkja kompetansen på sakshandsaming av ordninga med startlån til Husbanken, med mål om å kunna hjelpa fleire innbyggjarar å etablere seg i regionen. 2. Regionrådet ber Region Nordhordland IKS om å utforma ein søknad på vegne av kommunane om støtte frå ordninga "<i>Tilskudd til boligtiltak i distriktskommuner</i>" i regi av Husbanken og Distriktsenteret for å greia ut korleis regionen kan nytta ordninga med startlån i større grad enn i dag.
Sak 19/23	<p>Årsmelding, sekretariatstenester for kontrollutvala i kommunane</p> <p>Trude Bruket presenterte årsmeldinga for kontrollutvala i kommunane. Årsmelding var sendt ut saman med saksliste.</p> <p>Vedtak: Regionrådet tok årsmeldinga til kontrollutvala i kommunane til vitande.</p>
Sak 20/23	<p>Orienteringssaker / eventuelt</p> <p>Ingen saker.</p>

Knarvik, 21. april 2023

Karstein Totland

Karstein Totland
Leiar
Regionrådet Nordhordland

Rune Heradstveit

Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Region Nordhordland IKS

Vedlegg:

Sak 14/23 Presentasjon berekraftig reiseliv
Sak 15/23 Program - seminar: Akvakulturnæringa på Vestlandet – frå «Raudt til Grønt».
Sak 18/23 Husbanken, samarbeid om startlån?